



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 19.12.17

Klokkeslett: 18.00 – 20.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Lars Helge Ljone

Forfall: Atle Ulgenes, Ingrid Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

15/17	Meldingar
16/17	Samarbeidsavtale mellom Ulvik fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as
17/17	Forsikring
18/17	Reforhandling av avtale – Utleige av Sankebu
19/17	Økonomisk oversikt t.o.m. sept 2017
20/17	Prisar på stongfiskekort og småvilt i Ulvik Statsallmenning
21/17	Vipps – populær betalingsapp
22/17	Evaluering av villreinjakta 2017
23/17	Aktivitetsplan 2018

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Vamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Meldingar frå**Innhald**

16/17 Røldal fjellstyre	Møtebok
17/17 Statskog	Høyringsuttale vedr. åting av Rallarvegen, Finse-Lågheller
18/17 Fjellstyra på Hardangervidda	Møtebok
19/17 Odda fjellstyre	Møtebok
20/17 Ulvik herad	Melding om tinglyst eigedom
21/17 Gjensidige	Forsikring
22/17 Hordaland fylkeskommune	Innkalling til møte i Rallarvegrådet
23/17 Ulvik herad	Høyring – Lokal forskrift for ferdsel i utmark , Ulvik herad, Hordaland
24/17 DNT Oslo omegn	Varsel om revarding av rute i fjellet, Raggsteinen – Finse
25/17 Øvre Numedal fjellstyre	Fellingsresultat villrein, ØN fjellstyre
26/17 Ulvik fjellstyre	Høyringsuttale – Lokal forskrift for motorferdsel i utmark, Ulvik herad, Hordaland
27/17 Miljødirektoratet	Beslutning om uttak av villrein i Nordfjella i sone 1
28/17 Ulvik fjellstyre	Fellingsrapport Nordfjella villreinområde 2017
29/17 Rauland fjellstyre	Møtebok
30/17 Røldal fjellstyre	Møtebok
31/17 Fellesstyre, Ullensvang statsallm.	Møtebok
31/17 Ullensvang fjellstyre	Møtebok
32/17 Fjellstyra på Hardangervidda	Møtebok
33/17 Ulvik fjellstyre	Fellingsrapport Hardangervidda villreinområde 2017
34/17 Statskog	Utvisningsforretning – Dyraholahytta
35/17 Røldal fjellstyre	Møtebok
36/17 Ulvik fjellstyre	Køyreløyve - snøscooter

Harald las opp meldingane

Sak 16/17 Samarbeidsavtale mellom Ulvik fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as

19.12.17

Saksdokument:

Samarbeidsavtale mellom Ulvik fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as.

Saksutgreiing:

Frå opprettinga av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 1997 har samarbeidet mellom det einssilde fjellstyret og fjelloppsynet vore regulert i 5-årige avtaler. Noverande avtale er gyldig fram til 31.12.17

I styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as 20.06.17 vart det vedteke ny avtalemal for nye 5-årige avtaler som byggjer på dei tidlegare avtalene.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre signerer 5-årig samarbeidsavtale mellom fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as. Dagleg leiar får fullmakt av Ulvik fjellstyre til å signere den nye avtala.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 17/17 Forsikring

19.12.17

Saksdokument:

Forsikringsdokument

Saksutgreiing:

Fjellstyre har lenge nytta Gjensidige forsikring, men det kan no vere aktuelt å byta selskap grunna rimeleg stor auke dei siste 4-5 åra.

Referat:

Leiar meinte det var på tide å sjå på forsikringane til Ulvik fjellstyre. Det er no fleire andre fjellstyre som har inngått avtale med Landbruksforsikring, og har på den måten redusert sine forsikringar med inntil 1/3 av tidlegare forsikringssum. Fjellstyret har vore godt nøgde med Gjensidige, men ein bør kanskje sjå på andre selskap om ein kan redusere forsikringssummen på dagens forsikringar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ynskjer i fyrste omgang å ta kontakt med noverande selskap, Gjensidige for å gå gjennom forsikringsdokument for så å reforhandle dagens pris. Nytt tilbod vert lagt fram på neste styremøte for evaluering.

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:

Avtale – utleige av Sankebua i Austdalen

Saksutgreiing:

Sankebu i Austdalen har dei siste åra vore utleigd til Lars Johan Tveit og Nils Tore Skjerdal som har beiteretten i Austdalen.

Det er nokre punkt i avtala som fjellstyre meiner ikkje har vorte fylgd opp av leigetakarane, og fjellstyre ynskjer no å sjå på gjeldane avtala.

Framlegg til vedtak:

Leiar og dagleg leiar får fullmakt av styret til å invitere leigetakarane til dialog for å reforhandle gjeldande avtale. Avtalen leggjast fram for styret for godkjenning på neste møte.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 19/17 Økonomisk oversikt t.o.m. september 2017

Saksdokument:

Rekneskapsoversikt t.o.m. september 2017

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom postane ei resultatrekneskapen for å synleggjere aktiviteten i fjellstyre så langt inneverande år.

Framlegg til vedtak:

Styret tok orienteringa til vitring

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:

Prisrammer for stongfiskekort, småviltjaktkort og villreinjaktkort 2017 – 2021.

Saksutgreiing:

Prisane på stangfiske og småviltjakt har i fleire år lege uforandra, og det er no tida for å lyfte desse prisane.

Dagleg leiar var sist veke på personalmøte i Hardangervidda fjelloppsyn as, og det var felles semje i dei lokale fjellstyra om å auke prisane. Samanliknar ein prisane fjellstyra imellom varierer dei i fleire tilfelle over 100 %.

Inntektene har dei siste åra ikkje auka i tråd med utgiftene, difor er dette heilt nødvendig.

Framlegg til vedtak:

Stongfiske

Døgr	80,-
2 døgr	150,-
3 døgr	200,-
Veke	320,-
Sesong	500,-

Småvilt

Døgr	250,-
Veke	1.000,-
Årskort	1.500,-

Villrein

Fritt dyr	3.400,-
Simle/ungdyr	2.000,-
Kalv	1.000,-

Vedtak:

Samrøystes

Saksutgreiing:

Fleire fjellstyre har teke i bruk vipps som eit alternativ til kort – og kontantbetaling ved kjøp av fjellstyre sine tenester.

Vipps er enkel og rask å bruke for våre kundar ved betaling av m.a. overnatting.

Kostnader for omsetning:

* 2,25 % av omsetning + 39 kr. pr. månad (under kr. 100.000).

* 1,75 % av omsetning + 149 kr. pr. månad (over kr. 100.000).

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar tek kontakt med Sparebanken Vest for å forhøyre seg om korleis ein kan legge til rette for at Vipps skal vere ein best mogleg betalingsapp for fjellstyret.

Vedtak:

Samrøystes

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Dagleg leiar informerte om villreinjakta 2017.

Framlegg til vedtak:

Styret tok informasjonen til vitring.

Vedtak:

Samrøystes.

Saksdokument:

Aktivitetsplan 2018.

Saksutgreiing:

Dagleg leiar går gjennom aktivitetsplan med styret for å sjå/synleggjere kva for oppgåver som er planlagt for komande år.

Framlegg til vedtak:

Styret tok gjennomgangen til vitring.

Vedtak:

Samrøystes

Møtet slutt 20.00